

Tru:Ø17 velkommen

med på tur til London

Hei, du som er fødd i 2009

Har du lyst å vera med på tur til London?
London er spennande og har mykje å by på. På turen blir det blant anna byvandring, kyrkjebesøk, og tid til shopping.

Tidspunktet for turen er **25.juni - 28.juni 2026**.

Påmelding til Londonturen på nettsida vår: bomlo.kyrkja.no

Me opnar påmeldinga 2. januar kl. 09.00. Det er maks 44 plasser på turen. **Bindande påmelding** innan 31. januar 2026.

Reiseleiurar: Asbjørn Gundersen, Liv Merete Fylkesnes Pedersen, Hildegunn Anddal med fleire.

Ca. pris kr 6 500 for fly og opphald inkludert frukost. I tillegg kjem utgifter til mat, transport til og frå flyplassane, transport i London og lommepengar.

Trusopplæringa skal vera eit tilbod til alle, uavhengig av funksjonsevne. Økonomi skal heller ikkje vera ein ekskluderande faktor. Difor vert det lagt til rette for å kunna søkja støtte til turen. Kor stor del av kostnaden som vert gitt støtte til, blir vurdert for kvar enkelt søknad.

Ein eventuell søknad skal innehalda:

- Namn på ungdommen det gjeld
- Grunngeving av behov for økonomisk støtte

Send søknad til

liv.merete.pedersen@bomlo.kommune.no

innan 18. januar 2026

Venleg helsing kyrkjelydane på Bømlo

Bømlo kyrkjelege fellesråd

Leirdalen 1, 5430 BREMNES

Telefon: 99 54 34 51

Epost: liv.merete.pedersen@bomlo.kommune.no



Kva er Tru:D?

Dåp og opplæring høyrer saman. Foreldre, fadrar og kyrkjelyd har eit felles ansvar for at barna skal få leva og veksa i trua. Difor har kyrkja tilbod om trusopplæring. Tru:D er for barn og unge i alderen 0 – 18 år.

Kvart år vil barna få invitasjon til eit

Tru:D – arrangement. Tru:D har innhald og aktivitetar tilpassa den enkelte aldersgruppa.

Trusopplæringa er eit tilbod til alle, uavhengig av funksjonsevne. Me er avhengige av at foreldre tek kontakt slik at me kan avtala tilrettelegging der det trengs.

Velkommen til Tru:D med barna!